



DIMNA IDRETTSLAG
Dimna
6065 Ulsteinvik

Innbyding til Sparebanken Møre leikane i Ulsteinhallen 24. november 2018

Dimna IL har gleda av å invitere til ein ny sesong med innandørsstemne i Ulsteinhallen. Første stemnet denne sesongen vert Sparebanken Møre leikane som vert arrangert laurdag 24.11.2018.

Klasse	Stemnestart kl 12.00
Rekrutt	60 m og lengde
10 år	60 m, 200 m, lengde, kule
11-12 år	60 m, 200 m, 600 m, kule, høgde, lengde
13-14 år	60 m, 200 m, 600 m, lengde, høgde, stav, kule
15-19 år og senior	60 m, 200 m, 400 m, 800 m, lengde, høgde, stav, kule

PÅMELDING:

Påmelding via online påmelding i Min idrett eller Sportsadmin. **Påmeldingsfristen er tirsdag 20. november kl. 23.59.** Ev. etterpåmeldingar (mot dobbel startkontingent) kan sendast på e-post: pamelding@dimna.no. Vi ønskjer minst mulig etterpåmeldingar stemnedagane.

STARTKONTINGENT:

Rekruttar og 10 års klassa: kr. 100,- for alle øvingane. 11 år og eldre: Kr. 100,- pr. start. Det vil bli sendt faktura på startkontingenten til klubben.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa og 10 års klassa er det deltakarpremie til alle. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I alle løpsøvingane vert det tid avgjerande (ingen finaler). **I Ulsteinhallen er det berre lov med butte 6 mm innandørspiggar. Inne i hallen må ein også ha reine jogglesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.** Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside www.dimna.no.

TRENINGSSAMLING SØNDAG

Søndag 25.11 er Ulsteinhallen open for trening. Dei som ønsker å trene sitt eige opplegg kan få gjere det. Vi vil også ha fleire dyktige trenarar i hallen som vil arrangere treningar i dei fleste øvingane. Trening frå kl. 10 til 15. Meir info kjem på dimna.no.

OVERNATTING

For overnatting kan vi anbefale Quality Hotel Ulstein tlf. 70013000.

Stemner i Ulsteinhallen i januar

26. og 27. januar arrangerer vi Opent KM. Fredag kveld (25. januar) arrangerer Team Warholm i samarbeid med Dimna IL elitestemne Her er det dermed duka for ein ny friidrettsfest i Ulsteinhallen med god norsk og internasjonal deltaking.



SPAREBANKEN MØRE